



# ØYGARDEN 2020

Magasin for tilsette i Sund, Fjell og Øygarden



## Prosjektleiar Paul J. Manger

Etter eit halvt år som prosjektleiar for Nye Øygarden kommune har Paul J. Manger møtt mange tilsette i Sund, Fjell og Øygarden. Han lét seg imponera.



## Leiarar på kafé

Tidleg i februar var 55 leiarar og tillitsvalde i Sund, Fjell og Øygarden kommunar på kafé. Som ein del av arbeidet med administrativ organisering var dei på vandring i storsalen frå bord til bord på Panorama.

## Innhald

- Kva vil vi med dette bladet?
- Utdrag frå intensjonsavtalen
- Intervju med prosjektleiar
- Partssamansett utval (PSU)
- Desse byggjer Nye Øygarden
- Nytt frå fellesnemnda
- Vi treng gode prosessar
- Omstillingsavtale
- Reglement og lønspolitikk
- Utdrag frå milepelsplanen
- Nytt frå PSU
- Elles noterer vi
- Leiarar på kafé
- Seks tilsette om forventning til den nye kommunen
- Møtte leirarar i kommunale selskap
- Eigarskapsmodellar



**Copyright 2018 - Øygarden 2020**

**Trykk:** Molvik Grafisk AS

**Opplag:** 3.700

**Redaksjon:** Vigleik Brekke (red.),  
Kaja Pedersen, Jarle Kåre Oen,  
Trude Erstad Villanger og  
Hildegunn Høyland

**Grafisk utforming:** Monica Hovland

**Foto:** Vigleik Brekke, Monica

Hovland, Geir Jensen, Kyrre Flotve,  
Eva Olsvold, Gudveig Lillebø, Egil  
Olsvold, Elisabeth Garberg, Kjersti  
Nordøy og Sund kommune.

# Kva vil vi med dette bladet?

Med bladet Øygarden 2020 ønskjer prosjektleiinga for Nye Øygarden å gje informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune. Dette vert gjort i samarbeid med representantar frå organisasjonane til dei tilsette. I dette bladet prioriterer vi informasjon som er relevant for dei tilsette i Sund, Fjell og Øygarden.

Øygarden 2020 skal etter planen koma ut med fire utgåver fram til utgangen av 2019. Oppdatert informasjon vil du finna på nettsida [nyeoygardenkommune.no](http://nyeoygardenkommune.no) og Facebook-sida vår.



## Nye Øygarden kommune og dei tilsette

**Dei tilsette skal involverast i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune. I intensjonsavtalen vedteken i juni 2016 er dette omtalt.**

**Her er utdrag frå intensjonsavtalen**

- Det skal etablerast ein arbeidsgjeverpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane, og som skaper gode relasjoner mellom arbeidsgjever og arbeidstakrarar.
- Å byggja ein ny kommune er teknisk sett ei verksemどsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk.
- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen og skal ikkje få reduksjon i løna si, men ein del medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad.
- Gode prosessar skal sikra at tilsette vert høyrd og kan bidra til omstilling gjennom drøftingar og utarbeiding av eigen omstillingsavtale.
- Ein felles kommunikasjonsstrategi skal utarbeidast med målretta satsing på ekstern og intern informasjon.
- Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjeverspørsmål. Utvalet er samansett av medlemer frå fellesnemnda og to representantar frå kvar kommune, desse er utpeika av organisasjonane til dei tilsette.

### Prosjektleiar Paul J. Manger

# - Eg har møtt mange stolte tilsette

**Etter eit halvt år som prosjektleiar for Nye Øygarden kommune har Paul J. Manger møtt mange tilsette i Sund, Fjell og Øygarden. Han lét seg imponera.**

- Eg har møtt tilsette som er stolte av det dei gjer. Dei ønskjer å visa fram det dei arbeider med, samstundes som dei er klare til å ta fatt på nye ting. Mitt klare inntrykk er at dei vil kasta seg inn i arbeidet med å byggja ein ny kommune, seier Manger.

Det er travle dagar for prosjektleiaren. Det er mange som vil ha møte med han for å fortelja kva dei arbeider med og kva tankar dei har om den nye kommunen som skal byggjast. Noko av det aller viktigaste er å sikra at dei tilsette opplever å verta lytta til og tekne på alvor.

- Då er det godt å visa til det som står i intensjonsavtalen. Der går det klart fram at dei tilsette har rettar som er fastsette i lov- og avtaleverk.

I denne prosessen skal vi sikra medverknad, lytta til dei tilsette og leggja til rette for ei god omstilling gjennom drøftingar og utarbeidning av ein eigen omstettingsavtale. Her har både politikarane, organisasjonane til dei tilsette og eg som prosjektleiar eit ansvar. Dette skal vi få til saman, seier Manger.

#### Kulturar skal smeltast saman

Prosjektleieren er fullt ut klar over at det er ei utfordring å smelta saman tre organisasjonar når ein skal byggja Nye Øygarden kommune.

- I dei tre kommunane oppnår vi gjerne resultata på forskjellig vis. Vi skal vera stolte av eigne oppnådde resultat. Likevel er det viktig å gje ros til andre, vera kritisk til eigen måte å gjera det på og vera open for andre løysingar, seier Manger.

Paul J. Manger (58) kom til prosjekt-kontoret til Nye Øygarden kommune første september i fjor etter å ha vore assisterande rådmann i Os kommune

i fire år. Han har også hatt leiande stillingar i Hordaland fylkeskommune og Senter for internasjonalt universitetssamarbeid. Paul er ein ekte radværing. Han kjem frå Manger og kjenner kyst- og strilekulturen godt.

Som tilsett i Os kommune var han med på arbeidet med kommunesamanslåing. Dei første samtalane starta med fem kommunar, Austevoll, Tysnes, Samnanger, Os og Fusa. Til sist enda det opp med Os og Fusa.

Han veit at han har teke på seg ein utfordrande jobb.


- Eg innser at eg går frå det trygge til det litt mindre trygge. Det er både krevjande og motiverande å tenkja nytt. Eg håpar at politikarane og rådmennene med administrasjon i dei tre kommunane maktar å dra i same retning og at eg som prosjektleiar maktar å leggja til rette for det.

Kva er dei viktigaste eigenskapane hjå deg for å lukkast med oppdraget?

- Eg reknar meg som nysgjerrig, lyttande og let meg inspirera og fascinera av det folk ber fram. Eg håpar at dette kan resultera i eit godt samarbeid der ikkje minst dei tilsette får bidra og verta involverte.

Kva vert mest krevjande for dei tilsette?

- Dette er ein endringsprosess. Noko må vi leggja bak oss for å vera i stand til å ta fatt på noko nytt. No er vi ikkje berre eín kommune, men tre. Då må vi finna det gode hjå dei andre, vera rause når vi vert stilte overfor det vi ikkje kjenner så godt til, seier Paul J. Manger.



# Partssamansett utval (PSU)

Partssamansett utval (PSU) er samansett av ni politiske medlemer vald av fellesnemnda og seks medlemer frå dei tillitsvalde.

## Politisk valde medlemer

- Kari-Anne Landro, leiar
- Marianne Sandahl Bjarøy, nestleiar
- Børge Haugetun, nestleiar
- Nils Kåre Skoge
- Jogeir Sognnæs
- Tom Georg Indrevik
- Anita Garlid Johannessen
- Silvia Haugland
- Espen Harkestad

## Tillitsvalde medlemmer

### Sund kommune

- Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Cathrine Olsen
- Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Hildegunn Høyland
- Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald May Britt Hansen

### Fjell kommune

- Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Nina Zandstra
- Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Bodil Aleksandersen

### Øygarden kommune

- Medlem Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Vibecke Hodnekvam
- Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Solveig D. Rong
- Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald Anne Grethe Andersen



## Desse leiar arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune

### Fellesnemnd

Ei fellesnemnd på 17 politisk valde medlemer er det øvste organet i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune. Dei tre ordførarane; Kari-Anne Landro (Sund), Børge Haugetun (Øygarden) og Marianne Sandahl Bjarøy (Fjell) skal i kvar sin periode leia fellesnemnda fram til kommunevalet i september 2019. Leiar fram til utgangen av mai 2018 er Kari-Anne Landro. Dei to andre ordførarane er nestleiarar.

### Partsamansett utval

Det er oppretta eit partsamansett utval som er samansett av ni politiske medlemer og seks representantar frå dei tilsette. Utvalet skal behandla saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

### Andre utval og råd

I tida fram til den nye kommunen er ein realitet frå 2020, vert det sett ned ei rekke utval og råd. Døme på dette er utval for politisk styringsstruktur og utval for eigarskap.

### Prosjektorganisasjon

Det daglege arbeidet med kommunereforma vert leia av prosjektleiar Paul J. Manger saman med resten av staben i prosjektorganisasjonen, lokalisert på Skjenet 2, Straume.





# Nytt frå fellesnemnda

## Oktoper 2017

- Fellesnemnda vedtok at leiarvervet i fellesnemnda skal gå på omgang mellom dei tre ordførarane. Sund-ordførar Kari-Anne Landro vert leiar fram til utgangen av mai 2018.
- Fellesnemnda nemnde opp partssamansett utval med ni politiske medlemer og seks medlemer frå dei tillitsvalde.
- Det vart etablert to utval; utval for politisk styringsstruktur (leiar: Marianne Sandahl Bjorøy) og utval for eigarskapsmodellar (leiar: Atle Dåvøy).
- Fellesnemnda løyvde 750 tusen kroner til finansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt i regi av KS (interesse- og arbeidsgjevarorganisasjonen for kommunesektoren).
- Kommunikasjonsplan for fase 3 (oktober 2017-desember 2019) vart godkjend.

## November 2017

- Fellesnemnda nemnde opp ei arbeidsgruppe som skal arbeida med lokaldemokrati og identitet. Arbeidsgruppa konstituerte seg med Tom Georg Indrevik som leiar.

## Desember 2017

- Møtet frå og med den 11. desember er overført på kommune-TV.
- Budsjett for 2018 vart godkjent.

## Januar 2018

- Fellesnemnda løyvde 780 tusen kroner til kyrkjeleg fellesnemnd.
- Det vart vedteke å starta opp eit arbeid med å endra like og svært like adressenamn for Nye Øygarden kommune.

## Februar 2018

- Prosjektleiar og dei tre rådmennene skal utarbeida mandat som inkluderer prosess, milepelar og tidsplan for å etablera eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.
- Ei administrativ arbeidsgruppe skal utarbeida eit framlegg til nytt reglement og nye takstar for dei tekniske tenestene i den nye kommunen.



# Hovudtillitsvalde og hovudverneomboda: - Vi treng gode prosessar

Vi opplever at arbeidet med kommunesamanslåing er spanande og krevjande. Vårt mål er at partane jobbar saman heiskapleg i gode prosessar. Vi er representerte i alle forum som omhandlar tilsette sine løns- og arbeidsvilkår. Det omfattar alt frå informasjonsmøte med prosjektleiinga, drøftingar mellom partane og i partssamansett utval. I januar og februar vart det gjennomført samlingar der temaet var ny administrativ organisering. Deltakarane var leiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneomboda.

Ulike arbeidsgrupper jobbar med reglement og lønspolitikk, samt partssamarbeid, kompetanse og utvikling. Ei arbeidsgruppe har ferdigstilt utkast til omstillingssavtale, som er eit viktig dokument for heile omstillingsprosessen. I arbeidsgruppene er tillitsvalde frå kvar kommune representert. Alt arbeid til no har handla om overordna planar for å sikra ein heiskapleg prosess i overføring av alle tilsette til Nye Øygarden kommune.

Prosess om val av pensjonsselskap er eit viktig tema som kan få stor innverknad på den einskilde tilsette. Dei hovudtillitsvalde skal medverka i dette arbeidet. Fjell kommune har eigen pensjonskasse og KLP, Sund og

Øygarden har KLP som pensjonsselskap. Lærarane skal framleis vera medlem i Statens pensjonskasse og sjukepleiarane held fram som medlem i KLP.

Vi er opptekne av at arbeidet med kommunesamanslåinga skal ha eit HMS-perspektiv. Endrings- og omstillingsprosessar kan ha både positive og negative effektar for arbeidstakarar. I den samanhengen pliktar arbeidsgjevar å gjera risikovurderingar for omstillinga, i samarbeid med arbeidstakarane, verneombod og tillitsvalde.

Informasjon og medverknad må til for at ei omstilling skal bli konstruktiv og positiv for den enkelte arbeidstakaren. Eit godt samarbeid mellom leiar, vernetenesta og tillitsvalde er eit viktig grunnlag for å få til gode prosessar.

Tilsette som har spørsmål kan ta kontakt med verneombod eller sin tillitsvalde på arbeidsplassen.

*For vernetenesta og tillitsvalde i vest  
HVO Trude Erstad Villanger og HTV Hildegunn Høyland*





# Ømstillingsavtale skal sikra rettane til dei tilsette

**Omstilling handlar om endring. Det er noko nytt som skal skje. Tre kommunar skal verta ein. Ein omstillingsavtale mellom dei tre kommunane og dei tillitsvalde skal sikra at omstillinga skjer på ein best mogleg måte for dei tilsette.**



- Som tilsett i Fjell, Sund eller Øygarden vert du og ditt tilsetningsforhold påverka av kommunesamanslåinga, seier Kaja Pedersen som er ein av medlemene i arbeidsgruppa som arbeider med omstillingsavtalen. Til dagleg er ho personalleiar i Sund kommune.

Alle vil få Øygarden kommune som ny arbeidsgjevar frå januar 2020. Kommunesamanslåing påverkar strukturar og prosessar vi kjenner frå vår eigen kommune i dag.

Som tilsett kan du verta usikker på korleis framtida i den nye, store kommunen vil sjå ut. Mange spørsmål vil meld seg. Får eg jobb? Kvar skal eg jobba? Kven vert kollegaene mine? Kven vert leiaren min? Vert det endring i ansvar og arbeidsoppgåver? Spørsmåla er mange, seier Pedersen.

## Forpliktande avtale

Difor er det og naudsynt å laga ein forpliktande avtale som seier noko om korleis ein skal ta omsyn til dei tilsette i ei slik endringstid. Ein omstillingsavtale er eit overordna dokument for handtering av arbeidsgjevaransvaret i omstillingsprosessen. Det er ein avtale mellom dei tre kommunane og dei tillitsvalde.

Partssamansett utval sette i november ned ei arbeidsgruppe samansett av dei tre personalsjefane i kommunane, fire tillitsvalde og eitt hovudverneombud. Oppdraget vårt er å laga eit utkast til ein omstillingsavtale som skal vedtakast av partssamansett utval 22. mars.

- Korleis har ein jobba med ein slik avtale?

- Eit viktig utgangspunkt for arbeidet vårt er

intensjonsavtalen som er underteikna av dei tre kommunane. Avtalen har i seg sentrale føringar for oppdraget vårt, mellom anna at alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen og skal ikkje få reduksjon i løna si. Samstundes må ein del medarbeidarar få nye oppgåver og ny arbeidsstad. Dette er eit viktig utgangspunkt og er omtala som ein «stillingsgaranti», seier personalleiaren.

## Lov- og avtaleverk

Eit anna viktig utgangspunkt er sentralt lov- og avtaleverk som arbeidsmiljølova, hovudavtalen og hovudtariffavtalen. Ein kan skildra desse som rammeverket for avtalen, og begge parter er forplikta til å følgja lov- og avtaleverk.

Sentrale problemstillingar gruppa har jobba med er det nærmare innhaldet i stillingsgarantien, korleis ein skal sikra informasjon til tilsette, konsekvensar av verksemderoverdraging, medverknad og involvering av tillitsvalde.

- Vidare arbeider arbeidsgruppa med rekruttering til den nye kommunen, korleis vi skal behalda og rekruttera kompetente medarbeidarar og korleis vi skal rekruttera leirarar til den nye storkommunen, seier Kaja Pedersen.

## Samansetjing av gruppa

Arbeidsgruppa er samansett av Lisbeth Grosvold (Fjell), og Kaja Pedersen (Sund) frå arbeidsgjevarsida. Frå organisasjonane sit Vibecke Hodnekvam (Utdanningsforbundet Øygarden), Lars Sverre Hausnes (Akademikerne Fjell), Bodil Aleksandersen (Fagforbundet Fjell), May Britt Hansen (Delta Sund) og Trude Erstad Villanger (Hovudverneombod Fjell).



## Reglement og lønspolitikk

Partssamansett utval vedtok i januar å nemna opp tre arbeidsgrupper innan området arbeidsgjevarpolitikk. Arbeidsgruppa for reglement og lønspolitikk starta opp arbeidet sitt den 14. februar og er godt i gang med arbeidet. Arbeidsgruppa har tre representantar frå arbeidstakarsida og tre representantar frå arbeidsgjevarsida. Vibecke Hodnekvam frå arbeidstakarsida leiar arbeidet.

Mandatet til gruppa er omfattande. Dette halvåret skal arbeidsgruppa laga utkast for nye personalreglement i den nye kommunen. Den nye kommunen får mellom anna nytt arbeidsreglement, nytt tilsettingsreglement, nytt påskjønningsreglement og nytt permisjonsreglement. Reglementa skal etter planen vedtakast i PSU (partssamansett utval) før sommaren.

### Arbeidsgruppa er samansett slik:

- Vibecke Hodnekvam, leiar, (Unio, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet Øygarden)
- Oddny Veiberg, Øygarden kommune (adm.)
- Marita Hilleren, Sund kommune (adm.)
- Hildegunn Høyland (LO, hovudtillitsvald Fagforbundet Sund)
- Anne Heidi Midtun, Fjell kommune (adm.)
- Rickard Kvaal (YS, hovudtillitsvald Delta Fjell)





## Utdrag frå milepelsplanen

Det viktigaste verktøyet vi nyttar for å halda framdrifta med å byggja Nye Øygarden kommune er milepelsplanen. Oppdatert milepelsplan vert lagt fram til kvart møte i fellesnemnda. Planen er også lagt ut på nettsida til Nye Øygarden kommune. Milepelsplanen er eit viktig arbeidsgrunnlag for å sjå alle tiltaka i Nye Øygarden

komune i samanheng og å utvikla nye tiltak. (Ved hjelp av fargekodar går det fram kva som er politisk og administrativt ansvar). Det vert skilt mellom start/avslutning og kva som er under arbeid. Prosjektorganisasjonen arbeider med å få på plass eit prosjektsyringsverktøy som skal supplera milepelsplanen.

Utdrag frå milepelsplanen		2018				2019				2020	
Prosjektområde		1.kv	2.kv	3.kv	4.kv	1.kv	2.kv	3.kv	4.kv	1.kv	
<b>Tiltak 15: Omstettingsavtale</b> Ein omstettingsavtale skal innehalda heilt sentrale vilkår og føresetnader for medarbeidarane i samband med samanslåinga, der alle i utgangspunktet får ny arbeidsgjevar og kanskje også nye eller endra arbeidsvilkår. <b>Behandling i fellesnemnda 19.mars.</b>											
<b>Tiltak 16: Arbeidsgrupper innan personalfeltet og tenestaområda</b> Fleire arbeidsgrupper vart etablerte gjennom vedtak i partsamansett utval i møte 10. januar. Fokus på lønspolitikk, kompetanse m.v. Kvar gruppe har fått eigne mandat og arbeidet vil gå føre seg <b>utover i 2018</b> .											
<b>Tiltak 27: Administrativ organisasjonsmodell</b> Dette arbeidet er i full gang, og det har vore eigne samlingar blant leiarane i alle kommunane. Arbeidet vert truleg ferdig i god tid før det som vert skissert i milepelsplanen. <b>1. kvartal 2018.</b>											

Under arbeid

# Nytt frå PSU

- Hovudsamanslutningsmodellen skal vera mal for partsforhold i arbeidet med å etablera Nye Øygarden kommune.
- Det skal veljast tre arbeidsgrupper innan området arbeidsgjeverpolitikk
  - arbeidsgruppe for reglement og lønspolitikk
  - arbeidsgruppe for partssamarbeid
  - arbeidsgruppe for kompetanse og utviklingArbeidsgruppa for reglement og lønspolitikk startar opp arbeidet først.
- Det er vald medlemer til arbeidsgruppa for omstillingssavtalar. Arbeidsgruppa vert samansett av personalleiarane/sjefane i kommunane og seks representantar frå tillitsvalde og verneomboda.

Oppdatert informasjon om  
Nye Øygarden kommune  
finn du på nettsida:  
**nyeoygardenkommune.no**



SJÅ FELLESNEMNDA PÅ NETT-TV:  
**nyeoygarden.kommunetv.no**



## Elles noterer vi

- Nye Øygarden kommune er meldt inn i Trainee Vest. Den tilsette skal arbeida i prosjektorganisasjonen på Skjenet.
- I samband med Sykkel-VM lanserte Nye Øygarden kommune ein tre minutt lang video som vart sendt to gonger på dei nasjonale VM-sendingane i september.
- Utval for politisk styringsstruktur gjekk i slutten av november inn for ein modell med to hovudutval. Mindretallet ville ha tre utval. Fellesnemnda tek endeleg stilling til den politiske styringsstrukturen.
- I desember vart det distribuert ein brosjyre til alle husstandane i Sund, Fjell og Øygarden med kortfatta informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune.
- Den 5. februar var 55 leiarar samla på Panorama Hotell & Resort for å drøfta administrativ organisering. I forkant var det eigne samlingar i kvar kommune med same tema.
- Den 23. februar møtte kommunal- og arbeidsminister Monica Mæland leiinga i Nye Øygarden kommune og gjester. Statsråden vart oppdatert om kommune-reformarbeidet i regionen, (sjå bilete).



# Leiarar på kafé

**Tidleg i februar var 55 leiarar og tillitsvalde i Sund, Fjell og Øygarden kommunar på kafé. Som ein del av arbeidet med administrativ organisering var dei på vandring i storsalen frå bord til bord på Panorama Hotell & Resort for å drøfta fem hovudtema.**

I «kafédiskusjonen» drøfta deltakarane alternative organisasjonsmodellar, samhandling, beste praksis, satsingsområde og suksessfaktorar. I januar var det kommunevise samlingar der leiinga i dei tre kommunane var samla for å drøfta den administrative organiseringa.

Ein av dei som var med på samlinga i Sund var lærar på Blomvåg skule i Øygarden, Nils-Arthur Amundsen. I midten av februar tok han over som hovudverneombod i kommunen (40 prosent).

– Eg opplevde dette som ei god samling der eg fekk høve til å verta kjent med medarbeidarar både i min eigen kommune og nabokommunane. Med denne metoden opplevde eg å verta involvert i diskusjonen, seier Amundsen på tampen av dagen.

Ein del var nok litt spente på kva som vart konklusjonen på temaet om alternative organisasjonsmodellar. Kaja Pedersen var ein av dei fem kafévertane og summerte opp dette temaet ved å visa til kva som trengst for å få ein god organisasjonsmodell.

– Det handlar om å ha ei overordna strategisk leiing der det vert vist stor innovasjonskraft og evne til å tenkja nytt. Også når vi skal velja organisasjonsmodell må vi spørja kva innbyggjarane har bruk for, sa Pedersen og nemnde kjerneord som sterkt fagmiljø, tid til leiing, myndiggjorte leiarar, utviklingsfokus, omstillingsevne og korte avgjerdss prosessar.

Jørgen Kausland presenterte ein mogleg modell der rådmannen har fire kommunalesjefar i leiarteamet og ei rekke stab/støttefunksjonar som personal, økonomi, IKT

osb. Ingen konklusjonar vart trekte denne dagen, men det var ingen i salen der og då som kom med dei store protestane til modellen Kausland presenterte.

## Godt nøgd prosjektleiar

Prosjektleiar Paul J. Manger hadde alliert seg med prosessleiar Trond Wincentsen på fellessamlinga. Manger seier at målet var å skapa ein god arena for å møta kvarandre og diskutera og gje innspel til overordna prinsipp og føringer for administrativ organisering.

– Eg registrerte at mange helsa på medarbeidarar dei ikkje har møtt før. Det var stor entusiasme, engasjement og idémuldring rundt kaféborda. På notisboka mi noterte eg mange viktige stikkord som samhandling, utvikling, innovasjon, nærliek, effektive og gode fagmiljø og evne til å våga å gjera noko annleis. I dag har eg fått mange gode idear, sa Manger som la til at han ikkje rekna modellen Kausland presenterte som nokon brannfakkel. Han meinte at det viktigaste er korleis organisasjonsmodellen vert operasjonalisert.

## Status for arbeidet

Prosjektleiar og rådmennene arbeider vidare med organisasjonsmodellen. I første omgang er det prinsippa for den overordna administrative organiseringa som er viktig å få på plass. Deretter er det ei prioritert oppgåve å utforma eit forslag til ein modell for den overordna organiseringa, før det vert sett søkelys på tenestene sine plassar i organiseringa. Fellesnemnda skal etter planen få ei sak om administrativ organisering til møtet sitt den 16. april 2018.



Seks tilsette om:

# Kva forventning har du til Nye Øygarden kommune?

## Turid Berntsen

Helsefagarbeidar | Sund kommune



Eg ønskjer at alle tilsette vert likeverdig behandla i nye kommunen. Eg forventar også at organiseringa av omsorgstenestene ber preg av nærteneprinsippet og at tilsette har fått medverka og blitt høyrt.

## Jannicke Økland

Lærar | Fjell kommune



Eg håpar at vi som storkommune kan skapa ein felles identitet, tufta på strilakulturen. Vi må halda trykket oppe i utviklinga av den gode moderne skulen. Eg håpar at politikarane løyver dei pengane som må til for å møta framtidas skuleutvikling, helse og sosial tryggleik for innbyggjarane.

## Trond Andersson

Sosialkonsulent NAV | Øygarden kommune



Eg har forventningar om at den nye kommunen vil gje gode tenester til innbyggjarane. Eg håpar også at dette vert ein god arbeidsplass.

## Inger Hetlevik

Stab rådmannen | Sund kommune



Eg trur det vert meir interessant å få større fagfelt, der vi kan verta meir effektive og som positivt kan påverka kvaliteten på tenesta ut mot brukarane.

## Ann-Kristin E Bøgstad

Pedagogisk leiar | Fjell kommune



Eg forventar at den nye kommunen vil halda fram med å ha eit sterkt fokus på oppvekstvilkåra til barn og unge og at ein større kommune kan gje betre tilgang og eit meir heilskapleg tilbod av helsetenester. Eg håpar og trur at ei samkjøring av tenestene vil gje auka kompetanse og ein betre effektivitet som på sikt vil koma innbyggjarane i Nye Øygarden kommune til gode.

## Anne Hellesund Hansen

Arkivkonsulent | Øygarden kommune



Eg trur fagmiljøa ved ei samanslåing vert betre. Eg har forventningar om at innbyggjarane både i sentrale delar og i utkantane vert godt ivaretakne.





## Møtte leiarar i kommunale selskap

I februar møtte utval for eigarskapsmodellar for Nye Øygarden kommune representantar for kommunale selskap i dei tre kommunane i regionen.

I kommunane er ein del tenester lagt til aksjeselskap, interkommunale selskap, kommunale føretak eller stifting. På møtet i fellesnemnda i januar vart det vedteke å be utvalet å gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på å gje tidleg informasjon om arbeidet i utvalet.

Leiar i utvalet, Atle Dåvøy, presenterte status for arbeidet i utvalet. Utvalet skal koma med forslag og har ikkje mandat til å vedta selskapsformer for Nye Øygarden kommune. Fellesnemnda har mellom anna bedt utvalet å presentera ein eigarstruktur som har færrast mogleg einingar og som gjev best mogleg demokratisk styring. Etter planen skal utvalet presentera ein rapport for behandling i fellesnemnda i april i år.

På møtet med selskapa var det fleire deltakarar som hadde synspunkt på vidare involvering og spørsmål knytt til prosessen framover. Involvering og dialog kan sikrast ved at involverte selskap og deira fagtillichsvalde får høve til å koma med innspel til utvalet.

Atle Dåvøy presiserte på møtet at i tillegg til innspel og kommentarar til arbeidet, vil utvalet sjå til andre kommunar som kan visa til gode resultat knytt til organisering av eigarskap. Det vert lagt opp til å gje meir informasjon til dei kommunale selskapa etter at saka vert lagt fram for fellesnemnda.

# Utval skal foreslå tenlege eigarskapsmodellar

I Sund, Fjell og Øygarden vert ein god del tenester organisert på forskjellige måtar. I tillegg til at kommunale avdelingar/einingar utøver tenestene, er det til dømes etablert aksjeselskap, stifting, kommunale føretak og interkommunale selskap som står for tenestetilbodet.

I oktober 2017 vart det sett ned eit utval som skal utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege og gje tenestetilbod av høg kvalitet for den nye kommunen. Utvalet på fem medlemer er samansett slik: Atle Dåvøy (Øygarden, leiar), nestleiar Kari-Anne Landro (Sund) og tre styremedlemer Egil Haaland, Helena Morland Hansen og Daniel-Victor Sandvik (alle frå Fjell). Sekretær er spesialrådgjevar Jarle Kåre Oen.

Opphavleg mandat frå fellesnemnda gjeve hausten 2017 framheva følgjande:

- Sikra slank, effektiv, funksjonell eigarskap og selskapsstruktur.
- Sameina framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar for eigarskap og interesserepresentasjon.
- Gje gode og effektive selskap og driftsorganisasjonar.

## Dialog

Fellesnemnda har bedt utvalet arbeida for ein eigarstruktur der ein har færrast mogleg einingar og best høve til

demokratisk styring. Utvalet må gå i dialog med selskapa og deira tilsettrepresentantar (organisasjonane). Døme på selskap og andre konstellasjonar som er omfatta av dette arbeidet er: FjellVAR AS, Sund vatn og avlaup AS, Trigger AS, Fjell Bustadstifting, Sund eigedomsutvikling (KF) og kommunale einingar i alle kommunane som utøver ulike tenester knytt til eigedom, bustader, tekniske tenester, næringsforvaltning m.m. I tillegg kjem mange interesseorganisasjonar, interkommunale samarbeid o.l. som dei tre kommunane per dags dato deltek i.

I skrivande stund (8. mars 2018) har utvalet hatt åtte møte. Alle som var omfatta av prosessen vart inviterte til eit informasjonsmøte 15. februar. Det var godt oppmøte. Innspel vil verta handtert vidare. Utvalet nærmar seg slutten av sitt arbeid. Rapporten med sine tilrådingar er forventa lagt fram for fellesnemnda 16. april. Det vert i etterkant ein ny runde der selskapa, organisasjonane og dei tillitsvalde får høve til å koma med høyringsuttalar til rapporten og fellesnemnda si førebelse behandling. Fellesnemnda sluttbehandlar dokumentet før sommarferien.



Utval for eigarskapsmodellar. Frå venstre; Atle Justad, Helena Morland Hansen, Daniel-Victor Sandvik, Kari-Anne Landro, Jarle Kåre Oen (sekretær) og Atle Dåvøy (leiar).



## Kontaktinformasjon

**Kari-Anne Landro, leiar fellesnemnda**

Tlf.: 992 45 694

E-post: [kari.a.landro@sund.kommune.no](mailto:kari.a.landro@sund.kommune.no)

**Vigleik Brekke, redaktør**

Tlf.: 915 81 107

E-post: [vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no](mailto:vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no)



### - Vi treng gode prosessar

Vi opplever at arbeidet med kommunesamanslåing er spanande og krevjande. Vårt mål er at partane jobbar saman heilskapleg i gode prosessar.



### Omstillingssavtale

Omstilling handlar om endring. Det er noko nytt som skal skje. Tre kommunar skal verta eín.